

RETNINGSLINJER 2025- 2028.

TILSKOT TIL SÆRSKILDE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)



TILSKOT TIL SÆRSKILDE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

INNHOLD :	SIDE:
1. Bakgrunn	2
2. Organisering av arbeidet	2-3
3. Utfordringar for 2025-2028	3
4. Formålet	3
5. Målsetjing ved bruken SMIL-midlane	3-4
6. Behov for midlar i perioden	4
7. Generelle vilkår	4
8. Prioritering og aktuelle tiltak innanfor jordbruk	4-5
9. Tilskotssatsar	5-6
10. Søknadsfrist	6-7

1. BAKGRUNN:

Forvaltinga av økonomiske verkemiddel til miljøtiltak i jord- og skogbruket er overført kommunane. Kommunane har sidan 2004 hatt påfølgjande *strategiplanar for økonomisk verkemiddel i landbruket*. Desse retningslinjene vert gjeldande for fire nye år: 2025-2028. Midlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket (heretter SMIL) skal forvaltast i samsvar med gjeldande nasjonal forskrift, og rundskriv frå Landbruksdirektoratet med kommentarar til forskrifta.

Lenke til forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448>

Heimelen for å lage retningslinjer finn ein i §8 andre avsnitt i Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket; «*Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med statsforvalteren og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt*

2. ORGANISERING AV ARBEIDET

I samband med utarbeiding av nye retningslinjer for 2025-2028 vart faglaga/ næringsorganisasjonane i landbruket invitert til drøftingsmøte den 12.03.2024 om revidering av retningslinjene for bruken av SMIL-midlane for denne perioden.

Representantar for desse faglaga/ næringsorganisasjonane deltok på møtet:

- ✓ Vestre Sunnmøre Bondelag.
- ✓ Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag.
- ✓ Sunnmøre Villsaulag.

Retningslinjer for ny plan for SMIL midlar 2025-2028 vil verte drøfta med Statsforvaltaren. Faglaga vil få den nye utarbeida retningslinjene på høyring.

Retningslinjer for SMIL skal godkjennast av Kommunestyret i Hareid, for Ulstein og Herøy er dette delegert til avdelingsleiar for landbruk.

Løyinga av tilskot vert gitt etter delegert vedtak av landbruksavdelinga i Herøy, for kommunane Ulstein og Hareid er det gitt delegasjon etter vertskommunen avtalen.

3. UTFORDRINGAR FOR 2025 - 2028

Gardsbruka i våre kommunar er middels til små, med hovuddelen av produksjonen av sau. Siste åra har tal bruk av mjølkeproduksjonen blitt redusert, mens ammeku og kjøttproduksjon av storfe er ganske stabilt.

Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga av kulturlandskapet.

SMIL-ordningane er derfor viktig for å motverke denne endringa.

På grunn av større og meir intense nedbørsmengder, har behovet for hydrotekniske tiltak lokalt auka siste åra. SMIL skal være med på å reduserer tap eller risiko for tap av næringsstoff, partiklar og andre forureinande utslepp til jord, avrenning til vatn eller utslepp til luft frå jordbruksareal, før eller gjødsel.

Det har vorte løyvd SMIL-midlar til utbetring av lukka kanalar, opne avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring av kanalar og flomsikringstiltak i mindre elvar/ bekkar. Hydro-tekniske tiltak har høg prioritet.

4. FORMÅLET

Formålet med ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruks kulturlandskap og redusere forurensingane frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanlig jordbruksdrift.

5. MÅLSETJING VED BRUKEN AV SMIL-MIDLANE

- ✓ Motverke attgroing, ta vare kulturminner og tap av biologisk mangfald som er knytt til landbruket.
 - Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark.
 - Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- ✓ Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- ✓ Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- ✓ Betre moglegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- ✓ Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.

6. BEHOV FOR MIDLAR I PERIODEN

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Statsforvaltaren . Etterspurnaden etter tilskotsmidlane varierer frå kommune til kommune, men har vert ganske stabil dei siste åra, og det har blitt delt ut midlar til mange gode prosjekt.

Det er stor etterspørsel etter SMIL-midlar i heile fylket. Difor følgjer Statsforvaltaren med på forbruket av midlar i kommunane og gjennomfører omfordelingsrundar i løpet av året.
Vi har ofte omfordelt midlar mellom våre kommunar då nokon av og til har fleire søknadar enn dei andre.

7. GENERELLE VILKÅR

Kven som kan søkje SMIL-tilskot vert regulert av sentral forskrift. Vidare ligg og forskrifta til grunn for all handsaming av søknadane.

- a) Å følgje lovpålagte krav som gjelder kulturlandskapet eller forureining, regnes som en del av den ordinære jordbruksdrifta. Slike tiltak omfattast ikkje av SMIL-ordninga.
- b) SMIL-tilskotet kan løvvast til tiltak som er ut over det som vert forventa av vanleg jordbruksdrift.
- c) Hovudregelen er at ein ikkje får løvving til inngjerding av dyrka jord.
- d) Tiltak som er begynt på eller ferdig, vert ikkje prioritert for tilskot.
- e) Det vert ikkje løvd tilskot til maskinarbeid ved rydding/ skjøtsel av gamal kulturmark.
- f) Ved søknad om tilskot til tiltak på eldre verneverdige bygningar, vil flytting ikkje få støtte
- g) Anlegg/tiltak må tilfredsstillande utførast og investeringane må haldast innanfor ei forsvarleg ramme
- h) Det må føreligge tillatelse frå landbrukseigedommens eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak.

Drift og skjøtsel som følgjer av normal bruk av areala knytt til eksisterande drift vil i hovudsak ikkje ha rett til tilskot. SMIL-tilskot er først og fremst aktuelt til tiltak som inneber ein ekstra innsats utover dette, og som det er knytt særlege kostnader til.

8. PRIORITERING AV AKTUELLE TILTAK INNANFOR JORDBRUK

Prioriteringar i perioden:

- Marknadsføre ordningane.
- Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
- Prioritere dei tiltaka som gir størst nytte.
- Prioritere samarbeidstiltak framfor enkelttiltak.

Aktuelle tiltak:

- ✓ **Kulturlandskap:**
 - Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
 - Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
 - Legge til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
 - Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfall.
 - Ta vare på biologisk mangfald

- ✓ **Tiltak innanfor forureining:**

- Hydrotekniske anlegg
Opning av lukka kanalar, renovering av lukka kanalar, opne avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring av kanalar, flomsikring av mindre elver/ bekker.
- Klimaplantingar/ leplantingar.
- Vedlikehaldsgrøfting av gammalt innmarksbeite.

9. TILSKOTSATSAR

Eige og leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time for eigeninnsats og leigd
- Kr. 400 pr. time ved eige arbeid med motorsag.
- Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

For å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt er det sett eit øvre kostnadstak pr. prosjekt på kr. 200.000.

Tiltak i kulturlandskapet:

- Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark.
 - Enkelttiltak: Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Samarbeidstiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Rydding av gammal piggtråd/ gjerde: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.
Det kan gis tilskot til rydding av piggtråd dersom det er gammal piggtråd som ligg i utmark frå gamalt av (frå før 2010)
Det kan ikkje gis tilskot til rydding av piggtråd på innmarksbeite og fulldyrka-/ overflatedyrka jord.
Ordninga må kombinerast med oppsetting av nytt utmarksgjerde.
- Freda og verneverdig bygningar.
 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
Tiltak vurdert av kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune og saker som får midlar frå Kulturminnefondet vert prioritert.
Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.
- Tilgjenge/oppleving.
Tilrettelegging for blant annet betre allmenhetas tilgang til jordbrukslandskapet
 - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Kulturminne/kulturmiljø.
Med kulturminne meiner alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, her under lokalitetar som det knytt seg historiske hendingar, tro eller tradisjon til
 - Inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag. Døme på tiltak er skjøtsel av vegetasjon rundt kulturminne
 - Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.
- Biologisk mangfald.
Å skjøtte og ta vare på sårbare eller raudlista arter som blant anna skjøtsel av kystlynghei, trua naturtypar eller/og fjerning av framande skadelege artar.
 - Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Det kan gis midlar til innkjøp av NoFence dersom målet er beite i biologiske viktige områder, der det kan være vanskeleg å sett opp fast gjerde. Kravet er ei beiting på minimum 5 år.
Ved sal av NoFence før det har gått 5 år, kan tilskotet bli kravd tilbakebetalt.

- NoFence: Inntil 50% av kostnadsoverslaget

Tiltak mot forureining:

- Vedlikehaldsgrøfting av gammel kulturmark og innmarksbeite.
 - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag avgrensa til kr. 2500. pr daa.
 - Ved kostnadsoverslaget skal det leggjast ved enkelt grøftekart (1:1000 el. 1:2000).
 - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente drensrør og dekkmateriale.
- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
 - Enkelttak. Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Fellestiltak. Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Høytørke.
 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
- Klimaplanting/ leplanting.
 - Enkelttak: Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
 - Samarbeidstiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.

10. SØKNADSFRIST

Søknadsfristen for den tradisjonelle SMIL-ordninga er kvart år den 01.04

Søknader som kjem inn til fristen og er korrekt utfylt mede dei vedlegga som krevst lagt med, vil ha 1. prioritet.

Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga.

Søknaden

Søknad skal sendes elektronisk frå Landbruksdirektoratet sine heimesider, link:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/ordningar/jordbruk/tilskot-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil?resultId=1.0&searchQuery=smil>

Følgjene vedlegg kreves vedlagt:

- Kart over eigendomen som viser kvar tiltaket er lokalisert
- Spesifikasjon av nødvendig arbeid
- Tegningar (der aktuellt)
- Spesifisert kostnadsoverslag.
Kostnadsoverslag skal inneholde ein spesifisert oversikt over ulike materialkostnader, innleidd arbeid og eigeninnsats
- Godkjent gjødslingsplan og sprøytejournal
- Leigeavtale/godkjenning dersom arbeidet skal utføras på annan manns areal.

Sjølv om søker får tildelt midlar til et tiltak, er han sjølv ansvarleg for å søke om løyve gjennom andre lovverk som omfattast av tiltaket som for eksempel plan- og bygningslova, vannressurslova m.m.